

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
030/20	Utval for tekniske saker og næring	05.03.2020

Saksbehandlar: Rolf Aleksander Svensen Mellgren  
Sak - journalpost: 19/1477 - 20/6119

---

### **Plansak: Plan 1194 Gang- og sykkelveg langs fv44, Brusand**

#### **Rådmannen si innstilling:**

1. Utval for tekniske saker og næring fremjar saka og legg planen ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 12-10.

2. Rådmannen skal før sluttbehandlinga i Kommunestyret sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

#### **05.03.2020 Utval for tekniske saker og næring**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **UTN- 030/20 Vedtak:**

1. Utval for tekniske saker og næring fremjar saka og legg planen ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 12-10.

2. Rådmannen skal før sluttbehandlinga i Kommunestyret sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

#### **Bakgrunn for saka:**

Hå kommune ynskjer å leggje til rette for etablering av gang- og sykkelveg langs nordre side av Fv. 44 Nordsjøvegen, der dette manglar på ei strekning på om lag 430m.

Fylkeskommunen har sett av midler til dette. Kommunen har i kontaktmøte mellom kommunen, fylkeskommunen og statens vegvesen tatt på seg ansvaret for å utarbeide reguleringsplan. Gjeldande planar (hovudsakleg plan 960) er delvis utdatert, og er dermed

ikkje praktisk brukande til grunnforhandlingar og opparbeiding etter gjeldande vegnorm. Planforslaget er utarbeidd av COWI på vegne av Hå kommune.

Tabell 8.6: Oversikt over bundne og prioriterte g/s-prosjekt i perioden 2018 – 2023. Bindinger/forpliktelser er merket med grå farge.  
\*Finansiert av FTU-midler som egen post i fylkesbudsjettet (Aksjon skoleveg).

	2018		2019		2020		2021		Sum 2018-2021		2022-2023		Sum 2018-2023	
	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler	Fylkeskomm. midler	Eksterne midler
<b>Gang- og sykkelvei</b>														
<b>Sør-Rogaland:</b>														
Fv. 65 g/s-veg Nordre Eigerøy - Leidland *	17								17	0			17	0
Fv 44 Brattland-Grodaland	20		25						45	0			45	0
Fv 561 G/s-veg Mosterøy skole - Finnesand	44								44	0			44	0
Rv 13 Grønnevoll - Solbakk	20		20	20					40	20			40	20
Gang- og sykkelveg Nordsjøruta		34							0	34			0	34
Fv 382 Ny g/s-vei Grannessletta		26							0	26			0	26
Fv 322 Asheimvn, Juvelvn-Måkevn	3								3	0			3	0
FV 327 Årsvollveien-Gimravelen		80							0	80			0	80
Fv 474 Goavelen x fv 474 Kyrkjeveien	33								33	0			33	0
<b>Sum bindinger/forpliktelser Sør-Rogaland</b>	<b>137</b>	<b>140</b>	<b>45</b>	<b>20</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>182</b>	<b>160</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>182</b>	<b>160</b>
Sykelbyavtale Eigersund	22		22		22		22		88	0	44		132	0
Tiltak etter GS- inspeksjoner	3		3		3		3		12	0	6		18	0
Fv 65 G/s-veg Leidland - Skadberg			27		25				52	0			52	0
Fv 33 Gamleveien fortau			8						8	0			8	0
Fv 44 Brusand langs boligfelt			3						3	0			3	0

Planforslaget er i tråd med overordna planar, kor det i gjeldande kommuneplanens arealdel er innteikna framtidig GS-veg. GS-vegen er og omtalt i plan for turnett i Hå kommune (2018). Tiltaket utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Planlagd GS-veg tek utgangspunkt i eksisterande fylkeskommunal køyreveg (Fv.44), allereie etablert GS-veg i vest (plan 1102B), og regulert GS-veg i aust (plan 1090(-2)) – som per i dag ikkje er etablert.



Figur – eksisterande situasjon

Langs sørsida av Fv. 44 ligg «Hitlertennene», planforslaget berører ikkje desse. Sjølv Fv.44 er heller ikkje forutsatt endra, men er regulert i samsvar med tilgrensande planar.

Området nord for vegen består i all hovudsak av bustader med tilhøyrande leikeplass, og Askeladden barnehage. Det ligg og eit næringsområde som tidlegare vart nytta til bensinstasjon, men som i dag er avvikla og brukast til bustad. Planforslaget tek ikkje vidare stilling til utbygging, men viser til gjeldande plan.

Planforslaget legg opp til ein 3,5 m brei regulert GS-veg, dvs. 3,0 m effektiv/asfaltert gang- og sykkelveg samt skulder på 0,25 meter på kvar side. GS-vegen skal etablerast på nordsida langs Fv. 44. Mellom køyreveg og GS-veg regulerast

det ein 3 meter brei rabatt. Eksisterande topografi for køyrevegen er relativt flat, så GS-vegen vil vere universelt utforma.

Planforslaget sikrar også moglegheit for å etablere støyreducerande tiltak på nordsida av GS-vegen mot eksisterande busetnad. Det er ikkje stilt krav om støyskjerm då tiltaket ikkje utløyser vesentleg meir støy enn dagens situasjon – støyberegning viser ca 1dB auke pga. meir refleksjon frå asfalt på GS-vegen. Retningslinja for støy [T-1442/2016](#), jf. side 12, sier m.a. dette:

*«Miljø- og sikkerhetstiltak (se definisjoner, kapittel 6 (rådmannen sin kommentar; gjeld også gs-vegar)) som ikke endrer støyforholdene ved eksisterende virksomhet bør som hovedregel kunne gjennomføres uten samtidig utbedring av støyforholdene. Det anbefales likevel at støytiltak utredes og kostnadsvurderes i større saker, og der boliger og institusjoner ligger i rød sone.»*

Utover dei juridisk bindande (ved vedtak av planen) dokumenta i form av plankart og føresegner, er det vedlagt saka meir detaljerte teikningar av GS-vegen som dannar grunnlag for planen.

Figur – Plan 1194 lagt over gjeldande planar.

For å byggje GS-vegen med tilhøyrande skråningsutslag regulerast også eit gjennomgåande, midlertidig byggje- og anleggsområde på ca. 3 meter. Anleggsbeltet tilpassast eksisterande busetnad der det blir konflikt. Anleggsbeltet medfører at ein må regulere delar av tilstøytane eigedommar. I desse tilfella er det tatt utgangspunkt i gjeldande reguleringsplanar, med henvisning til desse for høve som ikkje er regulert i planforslaget. Vatn og avløp forutsetjast avklart i prosjektering.

Kryss Fv 44 - Fv 133 med krysning for GS-veg, linjeføring og frisikt etter gjeldande norm er og regulert i planforslaget.

I gjeldande plan 960 er det innteikna einssidig, tovegs busslomme. Denne er ikkje etter gjeldande normer, særleg mtp. frisikt, og Rådmannen vurderer at det ikkje er behov for busslomme her. Skulebuss går på innsida av tettstaden, buss-for-tog til stasjonen, det same vil vere aktuelt for ei ev. framtidig lokalrute i området (Stokkalandsmarka). Det er ingen naturlige målpunkt for ei busslomme som ikkje er betre tent med ein nærare plass, det gjeld og åtkomst til landskapsvernområdet.

Trase for gangveg er sikra vidareført i samsvar med gjeldande plan. Overskytande areal blir regulert til bustad med henvisning til plan 960.

Frå ROS-analyse kjem det fram at fem hendingar er aktuelle. Ulukker mellom mjuke og harde trafikantar ved dagens situasjon utgjer den mest kritiske risikoen. GS-vegen vil i seg sjølv fungere som eit avbøtande tiltak mot ulukker saman med rabatten som separera trafikantane ytterlegare. Ein konkludera med at tiltaket ikkje vil tilføre særleg risiko, men heller betre risikoen med tanke på trafikktryggleik.

### **Varsel om oppstart**

Oppstart av planarbeidet vart varsla i Jærbladet 30.08.2019 og med brev datert 28.08.2019. Frist for innsending av merknadar var 14.10.2019. Innkomne merknader er samla i vedlegg 07, og kommentert i vedlegg 08. Rådmannen meiner merknadane i all hovudsak er tekne til følge i planen, men imøteser merknader til høyringa, der inngrep og detaljer er meir konkretisert i planforslaget enn er mogleg ved oppstart.

### **Vurdering:**

Betre trafikktryggleik er ein positiv verknad av, og hovudmotivasjon for planforslaget. Samanhengande GS-veg gir enklare, meir logisk tilgang til Jærstrendene frå stasjonen, og gjennomgåande ådskilt tilbod for syklistar og gåande på strekninga frå Friestad til Ognå camping.

Når det gjeld negative verknadar, er dette i all hovudsak eventuelle interessemotsetningar i forbindelse med beslag av areal av tilstøytane eigedommar nord for planområdet som skil

seg ut. Avbøtande tiltak for reetablering og istandsetjing av råka areal sikrast i føresegnene, inkludert 4 føresegnsområder.

Perioden som er sett for midlertidig anleggsområde, er sett utfrå at GS-vegen sannsynlegvis vil bli realisert i løpet av dei neste 10 åra. Det ligg vidare i føresegna at areala skal tilbakeførast til planlagt arealføremål når tiltak er ferdig opparbeidd, så det er ikkje tale om å nytta arealet utover det som er naudsynt for byggjing av GS-vegen.

I høve til gjeldande plan er profilen og dermed arealbeslaget, om lag 1 meter større. Det vert lagt inn heimel til, men ikkje krav om, å byggje støyskjerm.

Oppsummert meiner Rådmannen planforslaget gir eit godt grunnlag for utbyggjing av GS-veg der denne manglar i dag.

**Vedlegg:**

01 Plan 1194 Plankart 20191209 UTM32

02 Plan 1194 Planføresegner 20200110

03 Plan 1194 Planomtale 20191213

04 Vedlegg 4 ROS-analyse

05 Vedlegg 5 NOT001 - Støyvurdering GS-veg Brusand\_v02 med vedlegg

06 Vedlegg 1 Varslingsdokument

07 Vedlegg 2 Innkomne\_merknader

08 Vedlegg 3 Samandrag\_merknader

09 Oversiktstegning B001

10 Plan og Profil C001

11 Plan og Profil C002

12 Detalj Fv 133 E001

13 Normalprofil F001